

Innspel til arealdel.

Ønskjer å avsetja areal til LNF-spred på gnr/brnr. 145/18 Indre Fosse i Alversund

Viser til kartskisse vedlagt området er på ca. 6,5 mål. Tall bustader i perioden eg ønskjer å få lagt inn er 2-3 bustader. Veg inn vil kunne ha to løysingar som ikkje rammar fulldyrka jord, oppgradere eksisterande landbruksveg i nord eller ny veg frå aust.

Viser til kommuneplan sin samfunns del.

Areal avsetninga vil støtte fleire av mål i samfunns plan.

Skal Alver kommune oppfylle strategien sin rundt levendebygder og aktiv landbruksdrift må ein legga til rette for at gardsbruk kan verta overtatt på ein slik måte at den nye generasjon har moglegheita til å finansiere ein overtaking og slik sikre utvikling av bygdene. Slik finansieringssituasjon er for mindre gardsbruk på vestland er det vanskeleg å få finansiert nye hus på gardsbruka som tilfredsstiller dagens krav til sikkerheit for finansiering og lån ved investeringar.

Samfunnsplan har også som mål at Alver kommune skal legge til rette for at ein kan etablere bustadhus nr to og tre på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte. Dette kan vere utfordrande med tanke på finansiering som nemnt over. Ein moglegheit til å byggja i LNF-sped kan sikre at ein ny generasjon kan finansiera og ha tryggleik for finansinstitusjonar til å få lån som eige objekt.

Innspellet vil støtte opp om dette målet.

Prinsipp for landbruksutvikling

Alver kommune er ein stor landbrukskommune. Alver skal forbetre landbruket sin posisjon gjennom å sikre produksjon og aktiv drift av landbruksarealet, eit aktivt skogbruk og vidareutvikling av tilleggsnæringer. For å nå måla skal vidare utvikling ta utgangspunkt i følgjande prinsipp:

Innspellet vil i sin helt støtta opp under desse prinsippa. Ein kan behalde fulldyrkamark samtidig som det går ann å utvikle bygda med fleire bustader. Bustadane vil ligge i nærleiken til eit større bustadfelt og bli ein del av eit bygdemiljø som samtidig ikkje ligger langt frå Alversund sentrum med sine fasilitetar og aktivitetar. Born kan og gå/sykle til skule frå dette arealet.

Viser til : *6. Prinsipp for arealbruk, 6.4 Prinsipp for bygde- og grendeutvikling*

Kule punkt 2: Vi skal legge til rette for ei bustadutvikling som støtter opp om bygdene og grendene.

Innspelet vil støtte opp om dette målet.

6. Prinsipp for arealbruk

I 6. Prinsipp for arealbruk / Prinsipp for landbruksutvikling omtaler plan at Alver skal forbetre landbruket sin posisjon gjennom å sikre produksjon og aktiv drift av landbruksarealet, eit aktivt skogbruk og vidareutvikling av tilleggsnæringer.

Eit av prinsippa er:

Vi skal ha eit sterkt jordvern.

Innspelet er lagt slik at fulldyrkamark ikkje vert bygd ned. Veg utløysing til LNF-spred området vil forbetra tilgangen til beite område.

Prinsipp for landbruksutvikling

Kule punkt 6: Vi skal legge til rette for at ein kan etablere bustadhus nr to og tre på gardsbruk som har eller planlegg for aktiv drift. Gjeld både når eksisterande hus ikkje er eigna som bustadhus (ikkje møter moderne krav) og ved generasjonsskifte.

Innspelet vil støtte opp om dette prinsippet.

Hovudmål 1: Alver er eit berekraftig samfunn med attraktive senter og levande bygder og grender.

Dette vil vi oppnå (mål)

Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.

Dette vil vi oppnå (mål)

Alver har levande bygder med arbeidsplassar, lags- og kulturliv og busetting i heile kommunen.

Alver legg til rette for bustadområde av ulik storleik og spreidd busetnad som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen

Slik skal vi gjere det (vegval)

Vi skal legge til rette for bustadbygging som støttar opp om og utviklar bygdene og grendene i heile kommunen.

Vi skal utvikle heile kommunen, og legge til rette for utbygging og spreidd busetnad utanfor senterområda.

Vi skal bruke LNF-spreidd som eit aktivt verktøy.

Innspelet vil støtte opp om dette målet.

Hovudmål 2: Alver har eit berekraftig næringsliv med Mongstad som landets fremste industriklyngje.

Dette vil vi oppnå (mål)

Landbruksnæringa i Alver er aktiv og utviklingsorientert.

Skal Alver kommune som samfunn nå dette målet må det tilretteleggjast for at den yngre generasjon kan og har moglegheit for å ta over. Sjå punkt over. Plan omtaler eit punkt om «slik skal vi gjere det (vegval) Vi skal gjere det enklare å byggje hus nr. 2 og hus nr. 3 på garden, så lenge desse er meint å vera ein ressurs for garden». Dette er ein god tanke men med tanke på finansiering vil det vere svært utfordrande. Det vil kunne vere betre for dei som skal ta over og kunna bygga i nærlieken av gardsbruket med eit eige objekt som kan brukast i finansiering. Det gir også ein moglegheit for at andre kan etablere seg slik at ein får eit oppvekst- og livsmiljø som gjer det attraktivt å byggja på slike plasser og opprettheldt bygdas livskraft som samfunn.

Innspelet vil støtte opp om dette målet.

Med venleg helsing

Helge Inge fosse

Kartskisse

